



Informasjonssaker veke 30 (30.07.2021)

Dei faste kommunemøta er avlyst i sommarperioden, dette skrivet inneheld difor ein del informasjon som vi ønskjer å dele med kommunane.

Innhold

1. Praktisk informasjon	1
2. Kommunelege med smittevernansvar veke 33 - 38	2
3. FHI - Informasjonsbrev Nr. 24 om koronavaksinasjonsprogrammet og informasjon frå FHI om endringar frå veke 32	2
4. Smitteutbrot, karantene for vaksinerte m.v.....	2
5. Artikkel om samfunnsmedisinsk beredskap i kommunane	2
6. FHI – rapport om risiko ved covid-19-epidemien i Norge i lys av framveksten av Delta-varianten av SARS-CoV-2.....	3
7. Epidemiologisk situasjonsrapport	3
8. Endring i covid-19-forskrifta – unntak for karanteneplikt m.a. i samband med skifestivalen BLINK	3
9. Endring i covid-19-forskrifta.....	3

1. Praktisk informasjon

Vi minner om:

- **Kommunemøte i sommar**

Det vert ikkje kommunemøte i veke 30 og 31. Første møte er planlagt å vere torsdag 12. august.

- **Rapportering i sommar**

Vi minner om at kommunar må rapportere kvar veke i rapporteringskjema som ligg her: <https://rapportering.fylkesmannen.no/>. Fristen er måndag kl. 1200.

Dei som skal rapportere søkjer om å få tildelt rolle på vegne av kommunen og vi godkjenner etter kvart. <https://rapportering.fylkesmannen.no - brukarretteiing>

Vi minner om at vi ønskjer å få informasjon dersom det oppstår særlege hendingar eller kritiske utfordringar. Ved behov vil vi kunne kalle inn til kommunemøte på kort varsel .

- **Informasjon frå Statsforvaltaren i sommar**

Vi oppmodar om at de melder frå til oss viss det er tilsette som bør få informasjon frå oss direkte på e-post i sommar (i **tillegg** til dei mottakarane som får informasjon til vanleg).

Lenkje for å registrere opplysningane ligg vedlagt i e-postutsendinga til dette skrivet.

- **Kontaktinformasjon for spørsmål til Statsforvaltaren**

Vi oppmodar om at de framleis nyttar beredskapsadressa vår

(sfvlberedskap@statsforvalteren.no) når det har spørsmål og andre innspel. Bruk av personlege e-postadresser er sårbart, særleg i samband ferieavvikling.

2. Kommunelege med smittevernansvar veke 33 - 38

Vi ber igjen om å få oversikt over kven som er/fungerer som kommunelege med smittevernansvar. Då kan vi halde oversynet på nettsidene våre oppdatert og det gjer det lett å finne ut kven som kan kontaktast i samband med smittesporing m.m. Lenkje for å registrere opplysningane ligg vedlagt i e-postutsendinga til dette skrivet.

3. FHI - Informasjonsbrev Nr. 24 om koronavaksinasjonsprogrammet og informasjon frå FHI om endringar frå veke 32

FHI har publisert informasjonsbrev Nr. 24 om koronavaksinasjonsprogrammet. Vi har sendt brevet til kommuneoverlegar/smittevernlegar, kommunedirektørar/rådmenn, beredskapskontaktar og vaksinekoordinatorar, med kopi til helseføretaka. Det finn det òg her:

[FHI - Informasjonsbrev Nr. 24 om koronavaksinasjonsprogrammet](#)

Grunna endringar som kjem fram av informasjonsbrev Nr. 24 vert alle endringar som er meldt til vaksineforsyninga frå veke 32 frå kommunane nullstilt når det no opnast for å sette dose 2 før 12 veker.

Dersom det viser seg at det er behov for endringar når fordelinga for veke 32 publiserast, må det gis ny melding til vaksineforsyninga om det. Vi sender ut fordelingslista så snart vi mottek den frå FHI.

4. Smitteutbrot, karantene for vaksinerte m.v.

Ved smitteutbrot og behov for fagleg støtte oppmodar vi kommunane til å ta tidleg kontakt med utbrotsgruppa i FHI for råd og rettleiing. Etter kvart som stadig fleire personar vert vaksinerte, kan det vere meir krevjande med gode, målretta tiltak for å slå ned eit utbrot. Statsforvaltaren hjelper gjerne til med å formidle kontakt og delta på møte.

Kommunane har naturlegvis høve til å oppmode befolkninga til å følgje råd som går lengre enn det covid-19-forskrifta og nasjonale tilrådingar legg opp til. Vi trur likevel det er nyttig å sparre med FHI i prosessen, då deira råd og retningsliner er basert på solid fagkunnskap. Spesielt dei fyrste 3-5 dagane av eit utbrot er krevjande, før ein føler at ein får oversikt, og det kan vere godt å ha støtte i denne fasen.

Kommunane har òg høve til å innføre strengare reglar enn dei nasjonale, då i form av ei lokal forskrift. Då er det som kjent eit krav om at vilkåra i smittevernlova § 1-5 er oppfylte: ei klar medisinskfagleg grunngeving, naudsynt av omsyn til smittevernet og tenleg etter ei heilskapsvurdering.

5. Artikkel om samfunnsmedisinsk beredskap i kommunane

Måndag denne veka publiserte vi ein artikkel om samfunnsmedisinsk beredskap i kommunane. Vedlagt artikkelen ligg òg rapporten etter kartlegginga av kommuneoverlegefunksjonen i kommunane, frå hausten 2020 (er sendt ut tidlegare).

Kommuneoverlegefunksjonen har vore svært viktig i handteringa av pandemien, men
kontinuitetsplanlegging i samfunnsmedisinsk beredskap vil vere viktig òg etter at pandemien er over.

<https://www.statsforvalteren.no/vestland - artikkel om samfunnsmedisinsk beredskap i kommunane>

6. FHI – rapport om risiko ved covid-19-epidemien i Norge i lys av framveksten av Delta-varianten av SARS-CoV-2

FHI publiserte rapport om *Risiko ved covid-19-epidemien i Norge i lys av framveksten av Delta-varianten av SARS-CoV-2* den 26. Juli. Rapporten kan lesast her:

<https://www.fhi.no – rapport om risiko ved covid-19-epidemien i Norge i lys av framveksten av Delta-varianten av SARS-CoV-2>

I ein kommentar til rapporten skriv FHI v/Preben Aavitsland at den gode vaksinasjonsdekninga tilseier at vi i Noreg framleis kan halde covid-19-epidemien under kontroll. Vi må likevel vere på vakt, fordi Delta-varianten til ein viss grad gjer situasjonen framover usikker.

7. Epidemiologisk situasjonsrapport

Vestland har hatt eit stabilt lågt nivå over fleire veker, men har hatt ein auke i tal tilfelle dei siste 3 vekene. Auka kan i stor grad knytast til ein auke i tal tilfelle i Bergen, og nærliggjande kommunar, samt eit utbrot i Sogndal.

Blant helgenomsekvenserte virus frå Vestland fylke i juni har Alfa-varianten halde seg i fleirtal, men frå byrjinga av juli har dei fleste varianttypede virusa vore Delta. Det blei i tillegg funne fire virus av variant C.36.3 i uke 27, alle påvist hjå personar som var i karantene etter ankomst frå utlandet.

Heile rapporten kan lesast her:

<https://www.fhi.no - Epidemiologisk situasjonsrapport veke 29>

8. Endring i covid-19-forskrifta – unntak for karanteneplikte m.a. i samband med skifestivalen BLINK

Tidleg i veka sendte Hdir ut informasjon om at det er gjort endring i § 6 f covid-19-forskrifta. Dette gjeld unntak frå innreisekarantene for arbeidsreisande ved testing i samband med internasjonale film- og serieproduksjonar eller idrettskonkurransar (m.a. skifestivalen BLINK).

Her [kan du lese § 6f slik den no lyder](#).

9. Endring i covid-19-forskrifta

Endringane gjeld:

- unntak frå smittekarantene for barn og unge under 18 år m.m.

- opning for breiddeidrett og kulturarrangement for voksne på tvers av regionar og kretsar (nasjonalt)
- endring av definisjon på offentlege arrangement med betydning for samlingar i regi av eksterne aktørar på vegne av bedrifter og organisasjonar (kick-off m.m.)
- passasjerferger som seglar til og frå områder med karanteneplikt

Endringane trer i kraft 1. august kl. 24.00, med unnatak av endringane om smittekarantene som trer i kraft 15. August, kl. 24.00.

Forskrift om endringer i forskrift 27. mars 2020 nr. 470 om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet

Fastsatt av Helse- og omsorgsdepartementet 29. juli 2021 med hjemmel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1 andre og sjette ledd, jf. § 4-1 første ledd bokstavene a og b, § 4A-2 og § 4-3 og 4-3a, jf. forskrift 27. mars 2020 nr. 470 om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19-forskriften) § 25.

I

I forskrift 27. mars 2020 nr. 470 om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet gjøres følgende endringer:

§ 4 nytt tredje ledd skal lyde:

Smittekarantene gjelder ikke for personer under 18 år som ikke er husstandsmedlemmer eller tilsvarende nære kontakter til den smittede personen, hvis de gjennomfører testing i samsvar med retningslinjer fra kommunen. § 5 sjuende ledd første punktum, og § 7 andre ledd gjelder tilsvarende.

§ 4 tredje og fjerde ledd blir nytt fjerde og femte ledd.

Ny § 4b skal lyde:

§ 4b Adgang for kommunelegen til å erstatte smittekarantene med testing

Basert på en vurdering av smittesituasjonen kan kommunelegen beslutte at personer i smittekarantene etter § 4 første ledd bokstav b, som ikke er husstandsmedlemmer eller tilsvarende nære kontakter til den smittede personen, i stedet for å gjennomføre karantene kan teste seg i samsvar med retningslinjer fra kommunen. § 5 sjuende ledd første punktum, og § 7 andre ledd gjelder tilsvarende.

§ 6a bokstav a skal lyde:

- a. de som ankommer Norge gjennom et område med karanteneplikt etter vedlegg A uten å bruke offentlig transport, uten å overnatte der og uten å ha nærkontakt med andre enn dem de bor sammen med. *Passasjerferger som seiler fra land uten karanteneplikt som nevnt i*

vedlegg A, til et land med karanteneplikt som nevnt i vedlegg A uten å ta om bord nye passasjerer, regnes ikke som offentlig transport etter denne bestemmelsen.

§ 13 første ledd bokstav c skal lyde:

- c. seminarer, konferanser, kurs, medlemsmøter og andre faglige *sammenkomster*, men ikke møter eller sammenkomster som ledd i ordinært arbeid eller undervisning på skole eller universitet

§ 13 første ledd ny bokstav e skal lyde:

- a. *samlinger av personer som gjennomføres i regi av ekstern aktør på vegne av bedrifter og organisasjoner*

§ 13 første ledd bokstav e blir ny bokstav f og skal lyde:

- b. private sammenkomster; sammenkomster for familie, venner og bekjente eller sosiale samlinger i tilknytning til arbeid eller skole, inkludert tilstelninger etter *seremonier*.

§ 13a første ledd bokstav a, b, c, d og e skal lyde:

- a. 100 personer på privat sammenkomst som regulert i § 13 første ledd bokstav f.
- b. 400 personer på innendørs arrangement som regulert i § 13 første ledd bokstavene a til e, hvor deltakerne er delt inn i grupper på inntil 200 personer.
- c. 1000 personer på innendørs arrangement som regulert i § 13 første ledd bokstavene a til e, hvor alle i publikum sitter på faste, tilviste plasser og er delt inn i grupper på inntil 500 personer.
- d. 800 personer på utendørs arrangement som regulert i § 13 første ledd bokstavene a til e, hvor deltakerne er delt inn i grupper på inntil 200 personer.
- e. 2000 personer på utendørs arrangement som regulert i § 13 første ledd bokstavene a til e, hvor alle i publikum sitter på faste, tilviste plasser og er delt inn i grupper på inntil 500 personer

§ 13e første ledd første punktum skal lyde:

Ved arrangement som omfattes av § 13 første ledd bokstavene a til e, hvor antall deltakere vil overstige det maksimale antall tillatte personer etter § 13a, kan arrangøren bare gi følgende personer adgang:

§ 13c tredje ledd bokstav a og b skal lyde:

- a. utøvere på kulturarrangementer. For ikke-profesjonelle utøvere over 20 år gjelder unntaket kun når det er nødvendig for å utøve aktiviteten.

- b. utøvere, støtteapparat og dommere ved gjennomføring av idrettsarrangement. For andre idrettsutøvere over 20 år enn toppidrettsutøvere gjelder unntaket kun når det er nødvendig for å utøve aktiviteten.*

§ 13c tredje ledd bokstav c, e og i oppheves. Bokstav d blir ny bokstav c, bokstavene f, g og h, blir nye bokstavene d, e og f.

II

Forskriften trer i kraft 1. august 2021 kl. 24.00. Endringene i § 4 og ny § 4b trer i kraft 15. august 2021 kl. 24.00.
